

FORTNITE PÅ NYNORSK

Korleis kan du engasjere gamerane i klasserommet? **S. 8**

TRYGGE SKRIVARAR

Kva er god nynorskopplæring for elevar på 5.–7. trinn? **S. 6**

GRAMMATIKKUNDERVISING

Teori og praksis må kome nærare kvarandre i språkundervisinga. **S. 4**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 35 | HAUSTEN 2020 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Deskriptiv, normativ, kontrastiv

TEKST: **Torgeir Parr Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

KA DU SEI? Kva seier du? Hva sier du? What do you say?

Kan du gjere deg forstått på eit språk, kan du grammatikk. Men blir du spurd om å gjere greie for kva grammatiske reglar som gjeld i eige talemål, vil du truleg ha store problem med å gi klare svar. «Reglar? Det har eg aldri tenkt på eller lært. Slik er det berre ...»

Reglane i eigen dialekt treng ein ikkje lære. Dei får ein inn automatisk i det språkmiljøet ein veks opp i. Men skal ein lære andre språk seinare i livet, etter dei første barneåra, treng ein kunnskap om sentrale grammatiske omgrep og reglar for korleis ulike typar ord skal konstruerast og stokkast. Full perfektjon er neppe realistisk i framandspråkundervisinga, men tysk-, russisk- og kinesisklæraren ynsker sjølvsagt at elevane

skal bli så flinke som råd, både munnleg og skriftleg. Det same målet har vi som driv med nynorsk-opplæring. Det vil seie, vi konsentrerer oss først og fremst om den skriftlege kompetansen. Noka nasjonal norm for talt nynorsk (eller bokmål) finst som kjent ikkje. Drill av uttale og diksjon som ein driv med i framandspråkopplæringa, er difor ikkje nokon sentral del av arbeidet med det munnlege språket i norsktimane. Der kan andre tilnærmingar vere langt meir nyttige, til dømes å studere bøyingsformer og syntaks i eigen dialekt. Dette er ein lett tilgjengeleg inngangsport til skriveopplæringa.

Norske dialektar er svært mangfaldige. Det er lett å finne mange og gode døme på det mangfaldet om ein leitar litt i digitale læringsressursar, radio, tv eller på nettet. Truleg finn du større eller

mindre språkleg mangfald også i eigen klasse og eigen familie.

Variasjon i talespråk kan kartleggast ved hjelp av *deskriptiv* grammatikk, som tar utgangspunkt i faktisk munnleg språkbruk. Denne tilnærminga kan i neste omgang brukast i arbeidet med den *normative* grammatikken. Den trengst når ein skal lære å skrive rett og godt i skriftspråkopplæringa.

Og så kan ein supplere med *kontrastiv* grammatikk, der ein samanliknar språkssystema i to eller fleire skriftspråk eller skilnaden mellom munnleg og skriftleg språkbruk. Då kan ein grammatisk analyse av korleis det same spørsmålet vert ytra på sunnmørsk, nynorsk, bokmål og engelsk, gi grunnlag for engasjerande diskusjonar og god språklæring.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 35, 14. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Anja Dahle Øverbye

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

På sporet er eit forskingsbasert treningsopplegg i lesing og skrivning, utvikla av Lesesenteret, med støtte frå Noregs forskingsråd. Nynorsk-senteret har no omarbeidd På sporet til nynorsk, med nynorske bøker, lesehefte, oppgåver og lærarmanual.

Nynorsk versjon av På sporet



nynorsksenteret.no/barneskule/lesing/pa-spolet

OPPLEGGET PÅ SPORET er laga for elevar på 1. og 2. trinn som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar, og det bør gjennomførast i små grupper, til dømes som ein av postane i stasjonsarbeid. Opplegget går over 25 veker og inneheld 100 økter med gjennomarbeidd progresjon.

Det er viktig at elevar med nynorsk som hovudmål får lese tekstar på nynorsk, og at oppgåvene

er tilrettelagde ut frå desse tekstane. På nettsida til Nynorsksenteret finn du eit oversyn over bøkene som er brukte i nynorskutgåva av På sporet, og informasjon om kvar du kan kjøpe frittståande bøker.

Heile undervisningsopplegget, og alt du treng å vite for å ta det i bruk, finn du på nettsida vår: nynorsksenteret.no/barneskule/lesing/pa-spolet ■

Innhold

Deskriptiv, normativ, kontrastiv av Torgeir Dimmen	S. 2
Nynorsk versjon av På sporet av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 3
For lite og for mykje grammatikk av Marit Wadsten	S. 4
Trygge skrivarar på 5.–7. trinn av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 6
Fortnite på nynorsk av Jorid Saure	S. 8
Samarbeidslæring – målretta arbeid med språket i elevtekstar av Marit Wadsten	S. 10
– Skriv vi åpen eller open, lærar? av Hjalmar Eiksund	S. 12
Boktips frå Nynorsk bok.no	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

– Dagens lærarutdanning må jobbe mykje meir med språkmetodikk, og lærarar må slutte å gjere ting som ikkje verkar, meiner førsteamanuensis i språkvitskap ved Universitetet i Agder, Sigrunn Askland.

For lite og for mykje grammatikk

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Anna Kirsten Aaland Hellevang**

SIGRUNN ASKLAND tok doktorgrad i språkvitskap med temaet grammatikkundervisning i norsk ungdomsskule og vidaregåande skule ved Universitetet i Agder hausten 2019. Ho studerte kva for metodar lærarane brukar i undervisninga i faga norsk, engelsk og spansk. Ho har sjølv jobba i skulen i over 20 år og seier at ho meir og meir har stilt seg spørsmålet: *Kva er det vi driv med?*

– Eg funderte på om det eg dreiv med, var hensiktsmessig for at ungdom skal bli gode språkbrukarar, seier ho. Å terpe på grammatiske remser og reglar fremmar ikkje læring, og mykje av grammatikkundervisninga ber preg av å vere tradisjonell og gammaldags, meiner Askland.

Store ulikskapar

Sigrunn Askland har intervjuar 42 språklærarar i ungdomsskular og vidaregåande skular på Austlandet og i Agder om undervisninga deira. I tillegg har ho observert undervisninga hos 26 av dei same lærarane og har funne store ulikskapar i korleis det vart undervist i grammatikk i dei ulike faga. Det viste seg at om lag ein tredel av lærarane gjorde noko anna enn det dei sa. Dei underviste ikkje på den måten dei sjølv meinte det burde undervisast på. Ho fann at dess mindre elevane kunne i faget, dess meir terpa læraren på grammatikken, og dess mindre fekk elevane øvd



seg på å snakke og skrive. Ein del lærarar i under- søkinga hennar sa rett ut: «Jeg fokuserer masse på formelle regler i nynorsk, men jeg ser ikke at elevene blir bedre til å skrive av det.»

Funna hennar viser at dess mindre erfaring elevane har med språket til dagleg, dess meir tid brukar lærarane på rein grammatikkundervisning. I norsk hovudmål bokmål og engelsk er det forholdsvis lite grammatikkundervisning, medan det er mykje grammatikkundervisning i nynorsk sidemål og spansk. Ho har altså funne ein parallell mellom undervisninga i spansk og undervisninga i nynorsk sidemål, som blir undervist som eit framandspråk, medan engelsk ikkje blir oppfatta som eit framandspråk.

Nynorsk som sidemål – tidlegare start

Studiar viser at mange har negative haldningar til nynorsk som sidemål. Det kan vere fordi ein mange stader introduserer nynorsk i niande klasse ved å leggje fram bøyingsmønster.

– Elevane burde heller lese meir nynorsk tekst, slik at nynorsk ikkje blir som eit framand- språk for dei, seier Askland.

For å få praksisen til å nærme seg teorien ønskjer Askland også at elevane i skulen skal møte nynorsken tidlegare, både ved å skrive, lese og bli lesne for.

Nynorsk som hovudmål

Då Askland besøkte skular som hadde nynorsk som hovudmål, fann ho at det ikkje vart under- vist mykje i grammatikk for elevar med bokmål som sidemål. Ho ønskjer seg meir vekt på gram- matikk også i hovudmålet til elevane.

– På den måten kunne ein gjere elevane meir medvetne om språket, meiner ho.

Læraren bør snakke mindre

– Snakking er den beste måten å lære språk på, og ungdom lærer språk best når dei får trene på å snakke og skrive sjølv, meiner Sigrunn Askland.

Elevane må få vere meir aktive, dei må få øve seg meir og sjølve få bruke språket meir aktivt, både skriftleg og munnleg. Læraren bør snakke mindre og elevane meir.

– Eg har sans for at elevane skal utforske ting. Å få elevane til å finne ut meir sjølve trur eg er eit godt råd, seier Askland.

Meir praktisk øving

Elevane skal lære grammatiske omgrep allereie på mellomtrinnet, men elevar på 10–11 år er ofte ikkje modne nok til å forstå alle definisjonane og dei abstrakte orda som blir brukte i grammatikken. Dersom ein arbeider med tekst og grammatikk samstundes, vil det gi meir mening.

– Teori og praksis må komme nærare kvar- andre, seier Askland.

Ho peikar også på at det kunne ha vore jobba meir med samanhengen i språkfaga. Læraren treng ikkje bruke vanskelege ord, men kan vise korleis ord er byggeklossar du kan flytte rundt på. Det kan vere veldig gøy å jobbe med språk, men det er ikkje gøy å berre bøye verb. Dessutan bør lærarar i ulike språkfag samarbeide meir om grammatikk-undervisninga – jf. «djupne- læring», som er omtala hos Utdanningsdirek- toratet.

Tradisjon betyr mykje i undervisning, trur Askland. Lærarar kopierer ofte den undervisninga dei sjølve har vore utsette for, på godt og vondt. Forsking viser at måten ein sjølv er blitt undervist på, sit særst djupt. Ein må derfor avlære dette først, og så må ein jobbe svært bevisst med metodar, meiner Askland.

Lærarutdanningane har eit stort ansvar

Ekspertar har åttvåra om at lærarstudentar kan for lite grammatikk. Lærarane Askland har snakka med, meiner at kjennskapen til grammatikk hos elevane også er mangelfull. Men då må det òg gjerast noko med grammatikkundervisninga.

– Dagens lærarutdanning bør jobbe mykje meir med språkmetodikk enn dei gjer i dag, kon- kluderer Askland. ■



Sigrunn Askland

FORSKAR PÅ: Grammatikkundervisning i skulen.

STILLING: Førsteamanuensis ved Universitetet i Agder, tidlegare lærar på Dahlske vidaregående skole i Grimstad.

UTDANNING: Lærarutdanning og mastergrad i engelsk frå UiA. Doktorgrad i språkvitskap frå UiA i 2019, om grammatikkundervisning i norsk, engelsk og spansk i ungdomsskulen og vidare- gåande skule.

Korleis kan vi leggje til rette for at elevar med nynorsk som hovudmål skal verte trygge skrivarar på mellomsteget? I denne artikkelen får du nokre smakebitar frå forskinga til Eli Bjørhusdal og Gudrun Kløve Juuhl (2017), ein gjennomgang av vanlege rettskrivingsfeil hos nynorskelevane og tankar rundt språkdidaktikk for denne elevgruppa.

Trygge skrivarar på 5.–7. trinn

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein** FOTO: **Kib & Morits**



BJØRHUDAL OG JUUHL har studert tekstar av elevar på sjette årssteget og set språkdidaktikk på dagsordenen: Ei god nynorsk språkopplæring for elevar som har nynorsk som hovudmål, må vere heilskapleg og ta i bruk nynorsken rundt elevane. Den største utfordringa for nynorskelevar er at dei møter for lite nynorsk. Dermed er det heilt essensielt at nynorskelevar får lese mest mogleg nynorsk på skulen. Det er også viktig at elevane får oppleve å vere produsentar av nynorske tekstar i mange sjangrar til bruk både i klasserommet og utanfor.

Dernest er det viktig å øve elevane opp til å vere merksame på korleis nynorsk skil seg frå bokmål og munnleg tale, og kva som er spesielle grammatiske og rettskrivingsmessige finessar ved nynorsken. I tillegg må skulen gje dei omgrep for å snakke om dette. I læreplanen vert dette gjerne kalla arbeid med språkleg medvit. Det kan gjerast på mange måtar, og elevane sin bakgrunnskunnskap om skriftspråk og eige talemål kan vere ein ressurs her. Ei heilskapleg språkopplæring har god variasjon i arbeidsmåtar og øvingar.

Bokmålspåverknad

Både bokmåls- og nynorskelevane har ein del av dei same avvika: og/å, dobbel konsonant og oppdeling av samansette ord er vanleg, i tillegg til at dei vel feil vokal (døme: nor – når) og utelèt stumme konsonantar (døme: bynte – begynte). I tillegg gjer den store bokmålspåverknaden at nynorskelevane hentar ein del ord og frasar frå bokmål når dei skal skrive sjølve. Bjørhusdal og Juul har teke utgangspunkt i 113 tekstar (frå Norm-korpuset), skrivne av 26 nynorskelevar på sjette årssteget. Avvik frå norma vart registrerte i 55 kategoriar av feiltypar. Heile 43 prosent av avvika er bokmålsamanfall.

Her er nokre av dei vanlegaste utfordringane for nynorskelevar på 5.–7. trinn:

Diftongar

Ein relativt systematisk skilnad mellom nynorsk og bokmål er at nynorsk har diftong i mange ord der bokmål brukar ein enkel vokal, til dømes skriv ein «øyre» på nynorsk og «øre» på bokmål. Å skrive enkel vokal der nynorsk har diftong (monoftongering) var langt meir vanleg i elevtekstane enn til dømes avvik med sj/kj-lyd, som er eit vanleg avvik hos bokmålslevar. I norsk-boka som vart nytta i forsøksklassen i studien til Bjørhusdal og Juuhl, var ikkje dette rettskrivingsfenomenet tematisert. Verket definerer dei viktigaste rettskrivingstema i sjette klasse som sj-kyd, kj-lyd, dobbel konsonant og o/å-lyd. I eit læreverk som skulle hjelpt nynorskelevane med dei viktigaste rettskrivingsutfordringane/temaa deira i sjette klasse, skulle altså diftong/monoftong ha vore eitt tema.

Substantivbøying

I materialet til Bjørhusdal og Juul er det oftare bokmålsamanfall i substantivbøying enn i verb-bøying. Her kjem nokre døme på det. Desse kan delast inn i tre typar.

- Hankjønnsord og substantiv på -ing får -er/-ene i fleirtal. Døme: Elevane skriv «guter» i staden for «gutar».
- Hokjønnsord vert behandla som hankjønnsord i ubunde og bunde eintal. Døme: «ein seng» i staden for «ei seng».

At ein er klar over kva elevane strevar med, er eit første steg for å kunne leggje til rette for variert og poengtert språkdidaktikk.

- Inkjekjønnsord får feil bøyning i ubunde og bunde fleirtal. Døme: «fylker» for fleirtal «fylke», «hefter» for «hefte», og så bortetter.

Verbbøying

Det er to feil som går igjen når det gjeld verb:

- Sterke verb vert bøygd svakt i presens, til dømes vert «ligg» bøygd «ligger», og «finn» vert bøygd «finner».
- A-verb vert bøygd som e-verb i presens. Døme: Elevane skriv at dei «hopper», i staden for at dei «hoppar».

Bjørhusdal og Juuhl legg vekt på at det grunnleggjande for å skape trygge språkbrukarar er å arbeide med språk på ein heilskapleg måte. Å bli bada i eit språk er eit kjent uttrykk, men like fullt avgjerande for å meistre språket. At ein er klar over kva elevane strevar med, er eit første steg for å kunne leggje til rette for variert og poengtert språkdidaktikk. ■

Kjelder

- Bjørhusdal, E., & Juuhl, G. K. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og Minne*, s. 93–121. Henta frå ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1407
- Kunnskapsdepartementet. (2020). Kunnskapsløftet 2020. Henta frå www.udir.no/lk20/noro1-06/kompetansemaal-og-vurdering/kv110

Thor Erling Sætrevik ved Lagård ungdomsskole i Eigersund kommune sakna grammatikkoppgåver som var lette å ta i bruk, og som engasjerte gamerane i klasserommet. Han laga difor læringsopplegget «Fortnite på nynorsk» med ei klar målsetting om å gje elevane ei motiverande og engasjerande grammatikk- og språkundervising.

Fortnite på nynorsk

TEKST: **Jorid Saure** FOTO: **Jorid Saure**



SJØLVE IDEEN TIL den digitale utforminga fekk Sætrevik gjennom bloggen til den amerikanske læraren Tom Spall, som er oppteken av elevaktive og digitale læringsmetodar. Ved å ta utgangspunkt i ein ferdiglagd digital mal utforma Sætrevik ulike nynorske grammatikk- og skriveoppgåver som han plasserte i eit digitalt spelelandskap. Den alle-reie ferdigutvikla malen gjorde det mogleg å bygge opp ei visuell og interaktiv oppgåveverd, noko Sætrevik håpa skulle appellere til ungdomane.

Vil motivere elevane

Det var særleg dei elevane som stritta mest imot grammatikkopplæringa, Sætrevik hadde i tankane då han utforma oppgåvene.

– Det handlar om å prøve å motivere elevane til å arbeide med grammatikk, og då er det viktig å vere på deira heimebane, fortel Sætrevik.

Negative haldningar til nynorskopplæringa kan kome av at elevane sjeldan møter språket på arenaer dei knyter positive kjensler til (Askeland og Falck-Ytter 2009). Når læraren bruker kjende rammer og arenaer for opplæringa, kan det gjere elevane meir mottakelege og motiverte for arbeidet.

– Det var litt for å prøve å spele på deira referansar. Eg hadde gamerane i tankane, og dette opplegget kom på eit tidspunkt då Fortnite var veldig populært, seier Sætrevik.

Lett å ta i bruk

Sjølv om oppgåvene tek eit visuelt utgangspunkt i «Fortnite», er oppgåvepakken likevel ikkje eit dataspel, understrekar Sætrevik. Læringsopplegget byggjer på dataspelverda til «Fortnite» og er interaktivt i den forstand at elevane får tilgang til dei ulike oppgåvene ved å klikke på ulike punkt på det visuelle kartet. Derifrå vert elevane sende vidare til ulike grammatikk- og skriveoppgåver, som er

– Det handlar om å prøve å motivere elevane til å arbeide med grammatikk, og då er det viktig å vere på deira heimebane.

plasserte på ulike stadar i Fortnite-landskapet. Elevane kan velje mellom oppgåvekategoriane verb, substantiv, adjektiv, pronomen og ulike skriveoppgåver.

– Nettopp valmoglegheita kan gjere arbeidet meir lystprega for elevane, og samstundes vere ein måte å differensiere undervisinga på for læraren, seier Sætrevik.


Gjennom Facebook-gruppa «Norsklærere 2.0» delte Sætrevik «Fortnite på nynorsk» med andre lærarar og fekk god respons på arbeidet. Den fyrste dagen oppgåvene vart lagde ut i gruppa, kom det 245 førespurnadar om å få bruke opplegget, så det er tydeleg at ideen til Sætrevik har slått an blant norsklærarane. Sjølv om den visuelle innpakkinga til oppgåvene ser avansert ut, treng du ikkje ha ein særskild digital kompetanse for å ta dei i bruk i klasserommet. Også hjå elevane vart «Fortnite på nynorsk» godt motteke. Sætrevik opplevde at elevane var nysgjerrige på oppgåvene, og la spesielt godt merke til måten gutane involverte seg i arbeidet på.

– Det er viktig å treffe elevane der dei er akkurat no, og då må du finne noko som er relevant for dei, utdjuar Sætrevik.

Ikkje minst er det viktig å bruke nynorsk på arenaer som elevane knyter positive kjensler til, og då er dataspelverda eit spanande utgangspunkt for grammatikkopplæringa. ■

Referansar

Askeland, Norunn, og Falck-Ytter, Cecilie. (2009). *Nynorsk på nytt*. Bergen: Fagbokforlaget



Vil du sjå Fortnite-opplegget til Thor Erling Sætrevik? Hald mobilkameraet ditt over denne QR-koden.



På 10. trinn ved Eide ungdomsskole på Nordmøre har dei prøvd ut eit undervisningsopplegg i nynorsk fagspråk som syner korleis ein kan arbeide med språket i elevtekstar gjennom samarbeidslæring.

Samarbeidslæring

– målretta arbeid med språket i elevtekstar

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



DET ER LÆRAR Ingebjørg Eide som har stått for arbeidet i klasserommet, og målet med opplegget har vore at elevane skal kommunisere og diskutere språklege utfordringar medan dei skriv. Dei har arbeidd med fagomgrep og drøfta fagspråk, mykje brukte frasar og tekstbindarar. Korleis skriv ein fagomgrepa, frasane og tekstbindarane på nynorsk? Og korleis skriv ein dei på bokmål? Korleis kan ein som lærar legge til rette for ei slik samanliknande undervisning? Dette skal vi sjå litt nærare på her.

Elevane samarbeider

Elevane jobbar i par, går gjennom tekstane saman og brukar den digitale ordboka aktivt i arbeidet. Dei ser spesielt på fire punkt: 1. Rettskriving, 2. Bøying, 3. Uttrykksmåte/frase og 4. Samanblanding av bokmål og nynorsk.

Når elevane jobbar to og to som læringspartnarar, blir dei først bedde om å markere i sin eigen tekst kva for språklege fenomen dei lurte på medan dei skreiv. Så diskuterer dei med partnaramaten kva dei lurar på. Deretter kan kameraten eventuelt kome med fleire kommentarar og spørsmål om språket i elevteksten. Så skal elevane plassere problemet i ein av dei fire språklege kategoriane.

Etter å ha skrive litt vidare på teksten sin stoppar dei igjen og arbeider med omgrep, frasar og uttrykk dei har brukt for å binde saman teksten. Lærar Ingebjørg Eide viser døme på tavla og bed elevane markere tekstbindarar i sin eigen tekst eller i teksten til læringspartnaren. Deretter les elevane avsnitta for kvarandre og diskuterer om ein kan bruke dei same omgrepa og frasane på nynorsk som på bokmål, før dei skriv ferdig tekstane sine og leverer dei inn til læraren.

Læraren rettleier

Denne framgangsmåten kan brukast i samband med alle slags tekstar elevane skal skrive. Læraren må sjølvstendig gå rundt og rettleie og kome med hjelp og innspel undervegs i prosessen. Ingebjørg Eide trur elevane vert mykje meir bevisste på språket sitt både på bokmål og nynorsk når dei arbeider på denne måten. Elevane har fått eit metaspråk om språk etter dette, seier ho, og legg til at ho arbeider på denne måten også etter at prosjektet er avslutta.

Nynorsk fagspråk

Undervisningsopplegget er ein del av eit større prosjekt om nynorsk fagspråk, som Ingebjørg Eide fekk stipend til frå Noregs Mållag. I rapporten skriv ho at arbeidet har ført med seg at haldninga hos elevane er svært positiv, og at dei har ei kjensle av meistring. Vidare skriv ho at «Klasse 10 a var så heldig å kome opp i norsk til skriftleg eksamen i mai. Det var ei utfordring! No når det heile er over, ser eg som faglærar at nynorsken flyt godt hos dei fleste. Dei er medvitne om ordtilfang og bøyingsformer. Det er god nynorsk syntaks, og dei nyttar omgrep og frasar som er tilpassa teksttypene».

Som ein elev skriv i eksamensteksta si: «Eg skriv både bokmål og nynorsk like godt!» ■

Vil du høyre ei innlesen utgåve av denne teksten? Hald mobilkameraet ditt over denne QR-koden.



Ressursar til læraren

Undervisningsfilm om å arbeide med språket i elevtekstane

I denne filmen kan du få tips til korleis ein kan arbeide med språket i elevtekstar. Lærar Ingebjørg Eide på Eide ungdomsskole på Nordmøre har lagt opp til at elevane på 10. trinn jobbar i heil klasse og i par med å finpusse språket i tekstane sine. Dei har brukt fire faste kategoriar i dette arbeidet: rettskriving, bøying, uttrykksmåte/frase og samanblanding av bokmål og nynorsk.

nynorsksenteret.no/elevtekstarbeid

Kompetansemål etter 10. trinn

- Skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetting og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål
- Bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og gjennomarbeiding av tekstar

Læringsmål

- Kunne skrive ein fagartikkel med sjangertypiske trekk der dei nyttar relevant nynorsk fagspråk i teksten
- Kunne samarbeide, gje og ta imot rettleiing. Denne læringssituasjonen gjer elevane merksame på at dei til saman har utvida både fagleg og språkleg kompetanse

Kvifor slit elevar som har nynorsk som hovudmål, med rettskriving og formverk, og kva må til for at dei skal bli betre skrivarar?

– Skriv vi åpen eller open, lærar?

TEKST: **Hjalmar Eiksund**, Høgskulen i Volda FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



DET ER KJENT at avgangselevar med nynorsk som hovudmål jamt over meistarar dei to målformene betre enn gjennomsnittseleven med bokmål som hovudmål. Hovudforklaringa er gjerne at bokmålet har ein dominerande plass i samfunnet, noko som gjer at bokmål som sidemål har langt betre kår enn nynorsk som sidemål.

Nye funn som eg presenterer i ein artikkel i siste nummer av det vitskaplege tidsskriftet *Maal og Minne*, tyder i tillegg på at nynorskelevar i barne-skulen lærer seg å kople lyd og bokstav tidlegare enn det mange bokmålelevar gjer. Også dette kan kanskje forklarast med den tidlege eksponeringa for både bokmål og nynorsk. Mykje tyder på at nynorskelevane tidlegare enn bokmålelevane lærer å kjenne skriftleg norsk som noko relativt, der ulike rettskrivingsnormer kan brukast i ulike situasjonar.

Sjølv om nynorskelevane skriv lydrett tidlegare, betyr ikkje det at dei same elevane er like raske til å skrive ortografisk korrekt. Fleire undersøkingar viser at nynorskelevar har fleire rettskrivingsfeil i hovudmålstekstane sine enn det bokmålelevar har. Også dette blir delvis forklart med tidleg eksponering for bokmål. Det er mykje som er likt, men også fleire klare forskjellar mellom bokmål og nynorsk, som vokalbruk i til dømes *åpen* (bokmål) og *open* (nynorsk), eller

Hansa: Dokke kjem ikkje forbi meg
for dokke har funne gullringen min.
Dei lette og tette i tre heil dagar.
Men til slutt såg Stine noko som glinsa
i graset. Det var jo ringen for pokker!
Ho ropte på søstrene sine. Eg fant den!

Eleven (6. trinn) har nynorsk som opplæringsmål, men blandar inn både dialektord (*dokke for dokker) og bokmål (*fant og *lette for fann og leita/leitte) i nynorskteksten.

endingar, som til dømes fleirtalsordet *møter* (bokmål) og *møte* (nynorsk).

Det dominerande bokmålet er altså både ein fordel (god sidemålskompetanse) og ei ulempe (skrivefeil med bokmålssamanfall i hovudmåls-tekstar) for nynorskelevane.

Nynorsk og dialekt – eit felles normkompleks?

Sjølv om nynorskelevar ofte er betre i sidemål enn bokmåselevar, er mange dessverre dårlegare til å skrive hovudmål. Rettskrivingsavvika oppfatar bokmålssamanfall og dialekt nær skriving. Mykje tyder på at nynorskelevar i større grad enn bokmåselevar vel bort normert språk. Mange vel i staden å skrive dialekt nær.

Medan mange bokmåselevar legg frå seg dialekt nær skriving i løpet av skulegangen, tyder funna i artikkelen på at dialektinnsлага for mange nynorskelevar aukar etter kvart som dei blir eldre. Denne skilnaden er det ikkje like enkelt å forklare med bokmålspåverknad. Det verkar tvert om som

om nynorskelevar oppfatar dialekt og nynorsk som del av ei felles norm, der dialekt nær skriving og nynorsk blir oppfatta som ein felles motpol til bokmål.

For mange elevar blir derfor det å skrive ortografisk korrekt ein vanskeleg balansegang: Dei må unngå å skrive bokmål og vel derfor bort ord som høyrest bokmålslike ut. På den andre sida må dei unngå å skrive for dialekt nær. Skal dei klare dette, må dei vere stødige i kva som skil nynorsk frå både bokmål og dialekt.

Å lære sidemål

– ein måte å bli tryggare i hovudmål

Inntil nyleg har det meste av forskinga kring nynorsk i skulen handla om bokmåselevar sin motivasjon for nynorsk som sidemål. Eitt argument har vore at god sidemålskompetanse kan

For at nynorskelevar skal lære å meistre hovudmålet sitt, må dei vite når dialekten liknar bokmål, når han liknar nynorsk, og når han ikkje liknar nokon av delane.

verke styrkande for hovudmålskompetansen, og at tidleg start med sidemål styrkjer den heilskaplege skrivekompetansen.

Mykje tyder no på at det same argumentet gjeld for elevar med nynorsk som hovudmål. For at nynorskelevar skal lære å meistre hovudmålet sitt, må dei vite når dialekten liknar bokmål, når han liknar nynorsk, og når han ikkje liknar nokon av delane.

For å kunne skilje mellom bokmål og nynorsk må nynorskelevane også trene på sidemålet sitt. Skal dei bli trygge skrivarar på hovudmålet sitt, må den formelle kompetansen til å skilje mellom målformene inn tidleg. Derfor må sidemålet vere med heile vegen – frå første til tiande trinn. Først då kan dei lære seg å skilje mellom når dei skal skrive *åpen* og når dei skal skrive *open*. ■

VIDARE LESING: Eiksund, Hjalmar. (2020). Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. *Maal og Minne* 2020 (1), s. 27–64. (Sjå <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1800>)

Boktips frå Nynorskbook.no



Frode Grytten
og Mari Kanstad Johnsen
Leggetid


Det er leggetid, men jenta vil at pappa skal lese meir. Berre ei bok til før ho legg seg! Ho skulle ønskje at nokon kunne skrive ei bok om henne. Saman diktar dei to opp boka om jenta. Dei fantaserer og filosoferer over kva boka skulle handle om, for i bøkene er nemleg alt mogleg å få til.

Leggetid er ei fantasifull, varm og god forteljing. Frode Grytten si solide forfattarstemme ber den enkle forteljinga og gjev henne det vesle ekstra som gode barnebøker har.



Bår Stenvik
og Rune Markhus
Ti utrulege oppfinningar

I ti spennande kapittel kan vi lese om oppfinningane lypæra, atom-bomba, kjøleskapskrukka, p-pilla, antibiotika, oppvaskmaskinen, autotune, protesar, kevlar og den vitskaplege metoden. Her får vi presentert nokre nye og nokre gamle oppfinningar, og veit du ikkje kva alt dette er, kan du lese om det i boka. I tillegg finn vi tekstboksar der vi får informasjon om andre oppfinningar. Vi får også lese historia om forfattaren som måtte hjelpe til med oppvasken.



Harald Nortun
Spådama i 7B

Nina kjem flyttande frå Belgia og skal byrja i klasse 7B. På grunn av nokre tilfeldige hendingar får ho ord på seg for å kunna sjå inn i framtida, noko mange av dei andre i klassen synest at er spanande. Det heile ballar på seg, og for Nina kjennest det brått ut som om ho må spela med og lata som om ho er synsk, dersom ho vil få vener. Men er det verkeleg lurt? Og korleis kan ein lyga på seg synske evner?



Atle Hansen
Eg har venta på deg

Simon og mora har nettopp flytta til Vågen etter at foreldra har skilt lag. Søstera Maria vil ikkje bu her, fordi ho har høyrte gråt om natta og meiner det spøker.

Eg har venta på deg fortel ei spennande historie og er eit godt bidrag til Gross og gru-serien. Hansen har vist før at han meistarar kombinasjonen av godt og lettlesse språk, og denne romanen er ikkje noko unntak.


A photograph of two young girls with light skin and blonde hair, looking intently at a glass and a bowl of water on a light-colored wooden table. The girl on the left is slightly closer to the camera and has a small pink hair tie in her hair. The girl on the right is slightly behind her. In the background, a person wearing a black t-shirt with a graphic is partially visible. The scene is brightly lit, likely indoors.

Bok
på 1-2-3

**Bok på 1-2-3 er tverrfaglege opplegg til nynorske bøker.
Opplegga er gratis og lette å ta i bruk.**

nynorsksenteret.no/123/

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



REIV I KLEDA TIL BESTEMOR.



REV I KLEDA TIL BESTEMOR.

Telkna av Kristoffer S. Mathisen

Surrar elevane med diftongane i nynorsktekstane sine? Skil dei ikkje mellom reiv og rev?
På nynorsksenteret.no/diftongar finn du eit komparativt opplegg med øvingsark der elevane kan lære meir om diftongar.